


LexicoNordica

| | | |
|---------------|--|---|
| Forfatter: | Bjørghild Kjelsvik [«Et rikholdig ordtilfang uten å ville øve press i noen retning» – om <i>Tanums store rettskrivningsordbok</i>] |  |
| Anmeldt værk: | Boye Wangenstein (red.): <i>Tanums store rettskrivningsordbok</i> . 10. utgave. Oslo: Kunnskapsforlaget 2015. s. ix–xi og 1–1576. Elektronisk utgåve på < https://www.ordnett.no/ >. | |
| Kilde: | LexicoNordica 23, 2016, s. 261-281 | |
| URL: | https://tidsskrift.dk/index.php/lexn/issue/archive | |

© 2016 LexicoNordica og forfatterne

Betingelser for brug af denne artikel

Denne artikel er omfattet af ophavsretsloven, og der må citeres fra den. Følgende betingelser skal dog være opfyldt:

- Citatet skal være i overensstemmelse med „god skik“
- Der må kun citeres „i det omfang, som betinges af formålet“
- Ophavsmanden til teksten skal krediteres, og kilden skal angives, jf. ovenstående bibliografiske oplysninger.

«Et rikholdig ordtilfang uten å ville øve press i noen retning» – om *Tanums store rettskrivningsordbok*

Bjørghild Kjelsvik

Boye Wangensteen (red.): *Tanums store rettskrivningsordbok*. 10. utgave. Oslo: Kunnskapsforlaget 2015. s. ix–xi og 1–1576. Pris: 598 NOK. Elektronisk utgåve på <<https://www.ordnett.no/>>.

1. Innleiing

Tanums store rettskrivningsordbok (ofte berre kalla *Tanum*) kom i 2015 i si 10. utgåve. Samanlikna med dei tidlegare utgåvene er endringane i utsjånad og innhald store, som eit resultat av eit omfattande arbeid med den underliggjande databasen (sjå Eek & Wangensteen 2014). Nettutgåva av *Tanum* på ordnett.no, ordbokportalen til Kunnskapsforlaget, er sameleis eit resultat av omlegginga i databasen, og eg skal i bokmeldinga kort kommentere denne versjonen der han skiljer seg frå den trykte utgåva. Eg har også nytta alle dei tidlegare utgåvene av *Tanum* for å få meir historisk djupne i vurderinga av *Tanum* som ordbok i dag.¹

1.1. Historikk

Tanum har ei lang historie: den første utgåva kom på Johan Grundt Tanums forlag i 1940 under namnet *Norsk Rettskrivningsordbok*, først redigert av Jakob Sverdrup (1936–1938) og seinare av Marius

1 Det høver her å takke Språksamlingane ved Universitetet i Oslo (no overført til Universitetet i Bergen) for tilgang til alle tidlegare utgåver av *Tanum*, dette var til stor hjelp i arbeidet med meldinga.

Sandvei (1938–1993). Den korte historikken i kolofonen nemner vidare redaktørane Bernt Fossestøl (1974–1988) og Boye Wangensteen. Det er Wangensteen som har redaktøransvaret for dei tre siste utgåvene. Verket skifta namn til *Tanums store rettskrivningsordbok* med den 3. utgåva i 1961. Rettskrivingsordboka har vore utgjeven av Kunnskapsforlaget sidan 1983.²

1.2. Ordliste eller ordbok?

Det er obligatorisk å bruke offisiell rettskriving både i skulen og i statstenesta i Noreg, og historisk har ordlister vore svært viktige reiskapar for staten til å gjere reformer i rettskrivinga kjende og få dei i bruk (Fjeld & Vikør 2008:131–133). Det kom utetter 1900-talet etter kvart mange ordlister for både bokmål og nynorsk. Norske ordlister til skulebruk inneheld normerte oppslagsord og opplysningar om bøyning, av og til uttale av framandord, men svært få ordforklaringar. Dei er dermed i høg grad basert på at brukarane har morsmålskompetanse i språket frå før. Enkle, allmenne definisjonsordbøker for nynorsk og bokmål låg ikkje føre før i 1986, då *Nynorskordboka* og *Bokmålsordboka* blei utgjevne.

Frå ein leksikografisk synsstad er *Tanums store rettskrivningsordbok* mest ei ordliste, trass i namnet (Worren 1988:142–144). Ho har rett nok med ein god del ordforklaringar, knytte til ord som redaktørane har vurdert som mindre kjende, og til forkortingar og stadnamn. Slik går *Tanum* utover den reine ordlistekategorien, men ho er likevel ikkje ei «betydnings- og definisjonsordbok», slik den redaksjonelle teksten i brukarrettleiinga (2015:ix) også presiserer. *Tanum* høyrer til ein eigen kategori leksikalske oppslagsverk som verken er reine lister av ord eller fullverdige ordbøker, og «rettskrivingsordbok» får vere ein god nok merkelapp, innarbeidd som han er for *Tanum*.

2 Eek & Wangensteen (2014) skildrar historikken til *Tanum* meir inngåande.

2. Hovudendringar og tilfangsmengda

2.1. Ny makrostruktur

Den typografiske oppstillinga av ordartiklane har endra seg mykje i 10. utgåve. Oppslagsorda er uttrykte som i 9. utgåva, men der stoppar likskapen. Stikkord for endringane er nisjealfabetisk og reiralfabetisk ordning vs. glattalfabetisk ordning (Fjeld & Vikør 2008:146–159).

Makrostrukturen i den gamle oppstillinga har ei reiralfabetisk ordning, noko som går heilt tilbake til førsteutgåva i 1940. Her fører ein fortløpande opp alle samansetningar med eit usamansett oppslagsord, før ein går vidare til neste grunnord. Samansetningane innanfor «reiret» er ikkje fullskrivne, ein bindeboge erstattar oppslagsordet som førsteledd i samansetningane (sjå figur 4 i del 3.2). Dersom oppslagsordet har samansetningar der det kjem inn ein binde-*s* eller ein binde-*e*, eller der førsteleddet på anna vis endrar form, kjem desse samansetningane i nye rekkjer innanfor «reiret». Alternative former av samansetninga er oppgjevne, og av og til tar ein med ordklasse eller ei bøyingsform, ei bruksmerking eller ein definisjon. Utgåvene med reirstruktur hadde minimalt med opplysningar om samansetningane, og for dei aller fleste samansetningar må ein gå vidare til oppslaget for etterleddet for å få meir greie på bøyinga.

Tidlegare utgåver av *Tanum* brukte i tillegg ei nisjealfabetisk ordning. Oppslagsord som danna ei gruppe med klar samanheng, kunne stå fortløpande, med oppslaga i halvfeit skrift utan at kvart nytt ord stod på ei linje for seg. Brukarretteiinga til 9. utgåva gir oppslaga *instruere*, *instruks*, *instruksjon*, *instruktiv*, *instruktør* som døme på ein slik nisje, sjå figur 1. Av desse orda har **instruksjons-**eit reir med samansetningar innanfor nisjen.

| |
|---|
| instruere -te, -t, -ing (gi anvisning el. veiledning); instruks , -en; -er, -ene (forskrift, forholdsordre); instruksjon , -en; -er, -ene (veiledning, anvisning; opplæring); instruksjons , _adresse, _format, _kode, _kurs, _ord, _plan, _register, _sett, _teller, _øvelse, _øving; instruktiv adj., n. -t (belærende, lærerik, opplysende); instruktør , -en; -er, -ene (veileder, iscenesetter). |
|---|

Figur 1: *Tanum* (2005), *instruere*–*instruktør* i reirstruktur og nisje.

I makrostrukturen i den nye utgåva er ein gått heilt vekk frå reirstrukturen og nisjane, og følgjer i staden ei strengt glattalfabetisk ordning, sjå figur 2 med dei same orda som i figur 1.

Figur 2 viser korleis alle ordartiklar no har fått fullstendige bøyingsopplysingar, i og med at samansetningane no kjem på eigne linjer som ordinære oppslagsord. Det er framleis ein liten skilnad på grunnord og samansetningar: For grunnord er dei bøyde ordformene tekne med i sin heilskap, medan samansetningane berre har med endingane, eller heile etterleddet dersom bøyinga fører til avvik frå grunnforma. Det er ikkje tvil om at den nye oppstillinga er atskilleg klarare og lettare å finne fram i.

2.2. Større bok med mindre tilfang?

Tanum har fått eit større fysisk format enn tidlegare. I den 9. utgåva (2005) hadde sidene to spalter med 59 linjer kvar, medan dei har fått tre spalter med 74 linjer kvar i den nye utgåva (2015). I føreordet er endringa frå reirstruktur og nisjar til streng alfabetisk oppstilling nemnt som hovudforklaring på dette. Det er jo heller ikkje vanskeleg å sjå dette ved å samanlikne figur 1 og figur 2.

I føreordet seier redaktøren at det har komme til «mange nye ord», medan ein del ord «av antatt liten interesse» har blitt tekne ut. Likevel har det oppgjevne talet på ord gått ned med heile 90 000 ord, frå «ca. 300 000 ord» til «over 210 000 artikler». Talet

| |
|--|
| instruere V [instru'ere] (<i>instruerer, instruerte, instruert, instruering</i>), gi anvisning el. veiledning |
| instruks S m. [instr'uks] (<i>instruksen, instruksjer, instruksene</i>), forskrift, forholdsordre |
| instruksjon S m. [instruksj'on] (<i>instruksjonen, instruksjoner, instruksjonene</i>), veiledning, anvisning; opplæring |
| instruksjonsadresse S f. el. m. (-adressal-n, -r, -ne) |
| instruksjonsformat S n. (-et, -format/-er, -al-ene) |
| instruksjonskode ³ S m. (-n, -r, -ne) |
| instruksjonskurs ² S n. (-et, -kurs/-er, -al-ene) |
| instruksjonsord S n. (-et, -ord, -al-ene) |
| instruksjonsplan ¹ S m. (-en, -er, -ene) |
| instruksjonsregister S n. (-et/-registret, -register/-registre, -registral/-registre) |
| instruksjonssett S n. (-et, -sett, -al-ene) |
| instruksjonsteller S m. (-en, -e, -ne) |
| instruksjonsøvelse S m. (-n, -r, -ne) |
| instruksjonsøving S f. el. m. (-al-en, -er, -ene) |
| instruktiv ADJ (<i>instruktivt, instruktive</i>), belærende, lærerik, opplysende |
| instruktør S m. [instrukt'ør] (<i>instruktøren, instruktører, instruktørene</i>), veileder, iscenesetter |

Figur 2: Tanum (2015), *instruere–instruktør* i glattalfabetisk oppsett.

300 000 har vore brukt på omslaget sidan 4. utgåva i 1974, men først med 9. utgåve er det nemnt i redaksjonell tekst, med den litt runde formuleringa «Medregnet alle sammensetningene fins det opplysninger om rundt 300 000 ord i Tanums store rettskrivningsordbok» (2015:vii). Både den store endringa i talet på ordartiklar og den nye oppstillinga kjem vel av at det bakanforliggende elektroniske formatet har blitt endra på ein måte som gir mykje betre oversikt over det faktiske talet på artiklar, også for redaktør og forlag. Det hadde ikkje skada om dette hadde vore tydelegare kommunisert til publikum.

3. Andre endringar – mikrostrukturen i *Tanum*

Mikrostrukturen har gjennomgått fleire endringar i dei siste utgåvene av *Tanum*, med eit stadig meir sofistikert artikkelhovud. Også artikkelkroppen har blitt litt endra, for dei artiklane som har dette. For første gong finst det i 10. utgåva ein «Artikkelnøkkel» på innsida av permen. Den viser oppbygginga av artiklane med forklarande merkelappar til eit bilete av dei nitten artiklane frå **bero**^① til **bertlejern**. Eg skal her kommentere bruken av homografnummerering og formatering av bøyingsopplysningar og fugeformativ.

3.1. Homografmerkinga i *Tanum*

Homografar er ord med lik skrivemåte, men med (varierende grader av) ulik tyding, og dei finst vel i alle skriftspråk. Det er i ordbøker vanleg å skilje homografar frå kvarandre som fleire oppslag. *Tanum* (2015) driv dette lenger enn mange andre ordbøker.

Vi skal sjå på handsaming av *land* sidan *land* er brukt som døme i forklaringa av oppstillinga i *Tanum* frå 4. til 9. utgåve. Frå starten har det vore tre oppslag i *Tanum*, propriet **Land** og dei to nøytrumssubstantiva **land**. Det eine substantivet har ikkje definisjon, men det er eit vanleg ord som finst med om lag same tyding i mange germanske språk. *Bokmålsordboka* definerer dette ordet med seks nummererte tydingar, der tyding 5 er den mest aktuelle for våre formål her: 'område av jordoverflaten som ikke er dekket av vann, til forskjell fra hav, sjø'. Det andre substantivet har i *Tanum* forklaringa 'urin', og som morsmålsbrukar av norsk veit eg at dette gjeld urin frå husdyr. Dette er det minst frekvente ordet av dei to, med færrest samansetningar.

Forklaring til berre den sjeldnaste av to homografar er ein vanleg måte å handtere homografar på i *Tanum*. Nummerering av homografar kom inn først med 8. utgåve i 1996, i form av eit lite, heva talteikn framfor ordet, og i 8. og 9. utgåve finn vi då desse tre

homografane: ¹Land, ²land, ³land. I 10. utgåve er det skilt strengare mellom stor og liten førebokstav, og stadnamnet Land har ikkje lenger nummerering.

Dei to attståande homografane har no fått eit etterstilt heva tal med ring rundt, **land**^① S n., tilsvarande tydingane som gjeld landjord, tørt land, stat, osv., og **land**^② S n., tilsvarande tydinga 'urin frå husdyr'. Den typografiske endringa av sjølve homografmerket heng saman med endringa frå reirstruktur til glattalfabetisk ordning og at ein no brukar lite, heva tal på ein annan måte, for å vise til kva homograf ledda i samansetningar kjem frå.

Den gamle reirstrukturen førte til ei implisitt homografseparering av føreledd: homografane innleidde kvar sine reir. Den nye glattalfabetiske strukturen prøver å ta vare på den grupperinga av samansetningar som ein hadde i reirstrukturen. Slik viser til dømes samansetninga **land**²|**kum** tilbake til ein kum i fjøsen til å samle urinen frå husdyr i, og har ingenting å gjere med **land**^① i tydinga 'tørt land' eller 'landjorda'. Ved å presisere kva ord som inngår i samansetninga gjer homografnummerering av ledda oppslaga meir opplysande for brukaren. Det vil seie, dersom ho forstår kva dei tyder: Det er nok ikkje utan vidare intuitivt og enkelt å begripe kva alle desse små tala strødd utover teksten står for. Dei er ikkje forklart anna enn i artikkelnøkkelen.

I nokre samansetningar har begge ledd fått nummer, i tillegg til at heile ordet kan ha det. Oppslag som i figur 3 viser korleis ein kan få fram viktige skilnader ved orda ved hjelp av homografnummerering av ledda i tillegg til nummerering for heile ordet.

| |
|--|
| land ¹ kar ¹ ① S m. (-en, -er, -ene) |
| land ¹ kar ² ② S n. (-et, -kar, -al-ene) |

Figur 3: Homografane *landkar* 1 og *landkar* 2.

Den første homografen i figur 3 kjem frå fiskeridomenet, der ein **landkar** held orden på landtauet når ein brukar ei kastenot frå

land. Førsteleddet i **land¹|kar¹** S m. viser slik tilbake til **land¹** i tydinga ‘tørt land, ikkje vatn, hav, sjø’ og til ein **kar¹** i tydinga ‘mann’. Den andre homografen kjem frå vegbyggingsdomenet. Førsteleddet i **land¹|kar²** n. viser også til ‘tørt land’, men andreleddet viser til eit **kar²**. Ordet **kar²**, med tydinga ‘beholder; tynn åre’ i *Tanum*, kunne ein tenkt var eit synonym til ‘kum’ som i **land¹|kum** ‘kum eller kar til å samle urin frå dyr i’, men det er ikkje i denne tydinga *kar* er brukt her. I staden er det tydinga ‘kraftig pilar, fundament for bru’ som dukkar opp i denne samansetninga. *Nynorsk-ordboka* definerer **landkar** med ‘brukar som er festa til land’. Dermed har ikkje homografane **kar¹** og **kar²** gode nok definisjonar i *Tanum* til å fullgodt forklare dei samansette orda, men systemet synleggjer i alle fall at det finst to ulike omgrep, med ulikt kjønn og bøyning.

Dessverre har ikkje omlegginga frå reir til alfabetisk orden gått heilt smertefritt for seg: Til dømes stod samansetninga **landhull/landhol** før i reiret for **land²**, men har i siste utgåva fått merkinga **land¹|hull¹**, noko som ikkje stemmer med dokumentert bruk (definisjon i *Norsk Ordbok*: ‘hol i fjøsgolv til å ha landet ned i’). Likevel er det ein spenstig bruk av homografnummerering her, som også andre ordboksredaktørar vil vere interesserte i å sjå nærare på. Vansken er å finne eit brukande presiseringsnivå for å skilje mellom ulike homografar i førsteleddet, der fleire tolkingar ofte er moglege, slik Eek & Wangenstein (2014:25) også er inne på. Det er heller ikkje uproblematisk at homografnummereringa av eit ledd viser til artiklar utan ein definisjon som høver i samansetninga, slik vi såg for **land¹|kar²**.

Det er elles interessant å merke seg at denne finmaska bruken av homografnummer for både ordledd og heile lemma ikkje visest på same måten i nettutgåva av *Tanum*. Der er det no ikkje synlege homograftal for ledda i samansetningar, men informasjonen er likevel til stades i form av hyperlenking: Klikkar ein på leddet, kjem ein til rett homograf. Denne funksjonen er eit resultat av dei

mange krysskoplingane som er blitt lagt inn i databasen (Eek & Wangensteen 2014).

3.2. Samansetningsformer og bindeelement

Mange norske samansetningar har enten eit bindeelement mellom ledda (binde-*e* eller binde-*s*) eller ei meir endra samansetningsform for førsteleddet. Informasjon om dette blei i den tidlegare reirstrukturen teken vare på ved at formene med bindeelement kom på alfabetisk plass i samansetningsrekkja til førsteleddet nedetter i reiret. I det nye oppsettet er informasjonen innarbeidd på to måtar. Bindeelement er skrivne i kursiv før leddelingsmerket og etter eventuelt homografnummer for leddet, til dømes som i oppslaga **land'e|sorg** og **lam'me|kjøtt**. Samansetningsformer får egne førsteleddsartiklar som viser til den usamansette forma: «**engle-**, i sammensetninger, til **engel**».

Vi skal sjå nærare på nokre oppslag som begynner med *dele*. Som førsteledd i samansetningar kan dette gå tilbake på følgjande ord:

- (a) **del** S m. med binde-*e* ('part, stykke; avsnitt'),
- (b) **dele**^① S n. ('skilje, grensemerke'),
- (c) **dele**^② V ('å stykke noko opp i fleire delar').

Eg skal ta som premiss her at sjølv om det er formelt umogeleg å skilje mellom homografane i førsteledd av samansette ord, er det ofte mogeleg å skilje mellom dei ut frå bruken av samansetninga i kontekst. I den grad ein då kan skilje mellom **del+e**, **dele**^① og **dele**^② i førsteleddsposisjon, ser det ut til at **dele**^① er lite brukt som førsteledd, medan substantivet **del+e** og verbet **dele**^② er meir vanleg. Substantivet **dele**^① har vore med i lemmalista frå starten, men fekk definisjon først i 7. utgåve. Figur 4 og 5 viser korleis desse orda ser ut i den 9. utgåva.

del, -en; -er, -ene; **del**_eier, _eksamen,
 _film (dss. elementfilm el. momentfilm;
 eng. single concept film), _forklaring,
 _frukt, _haver, _marked, _mengde, _område,
 _produksjon, _program, _prosjekt, _rutine,
 _sett, _skjema, _system, _stat, _ta (s.d.),
 _tid, _tidsarbeid, _tidslønn, _transistorisert;
dele_forretning, _lager, _linje, _produksjon.

Figur 4: Substantivet *del* med reirstruktur i 9. utgåve av *Tanum*.

dele¹, -t; -r, ..la el. -ne (skille, grensemerke);
dele² -te, -t, -ing; **dele**_linje, _maskin,
 _merker.

Figur 5: Homograf 1 og 2 av *dele* i 9. utgåve av *Tanum*.

Vi finn her at ordartiklane som begynner med *del-* i *Tanum* (2015), har ein del ord utan bindeelement, som *del|eier* og *del|eksamen*, der forståinga av førsteleddet er uproblematisk. Men kva med ord som *dele|forretning*, *dele|lager*, *dele|linje* og *dele|produksjon*? Består førsteleddet i desse orda av *dele*¹ eller *dele*², eller av *del* med binde-*e*? *Tanum* (2015) viser desse orda på kvar si linje, slik vi kan sjå i figur 6.

I figur 6 finn vi at *dele*²|*forretning*, *dele*²|*lager*, *dele*²|*linje* og *dele*²|*produksjon* har fått ulike førsteledd, enten *del* eller *dele*². Ingen av orda har *dele*¹ som førsteledd. I 9. utgåva står desse orda under *del* med binde-*e* (sjå figur 4), og dessutan er *delelinje* ført opp to stader, både under *dele*² og *del* (sjå figur 5).

Slike finstila grenseoppgangar mellom tilsynelatande like ordledd er ikkje mogeleg å gjere utan god dokumentasjon på bruken av ordet. Sjølv då risikerer ein å presisere for mykje, for det er vanskeleg å skilje sikkert mellom verb som endar på -*e*, substantiv av same rot som endar på -*e* og substantiv av same rot som får ein binde-*e* i samansetningar.

| |
|---|
| del S m. (<i>delen, deler, delene</i>) |
| dele ^① S n. (<i>delet, deler, dela/delene</i>), skille, grensemerke |
| dele ^② V (<i>deler, delte, delt, deling</i>) |
| dele ^② forretning S f. el. m. (<i>-al/-en, -er, -ene</i>) |
| del eier S m. (<i>-en, -e, -ne</i>) |
| del eiksam S m. (<i>-en, -er, -ene</i>) fullmakt |
| dele lager S n. (<i>-et, -lager/-lagre, -lagral/-lagrene</i>) |
| dele lig ADJ (<i>delelig, delelige</i>) |
| dele lighet S m. (<i>deleligheten</i>) |
| dele ^② linje ¹ S f. el. m. (<i>-linjal/-n, -r, -ne</i>) |
| dele ^② maskin S m. (<i>-en, -er, -ene</i>) |
| dele ^② merke ¹ S m. (<i>-t, -r, -merkal/-ne</i>) |
| dele produksjon S m. (<i>-en, -er, -ene</i>) |

Figur 6: Utvalde oppslag i alfabetstrekket *del-*
deleproduksjon i 10. utgåve av *Tanum*.

Ordet *deleforretning* er interessant i denne sammenheng. Det har blitt sett inn i samansetningsreiret etter både verbet **dele**^② (1.–4. utgåve) og etter **del** med binde-*e* (5.–9. utgåve). I 10. utgåve er det komme tilbake til verbet **dele**^②. Denne vaklinga i plasseringa av homografnummer til førsteleddet er nokså forståeleg i lys av at ordet *deleforretning* faktisk har to bruk. Eit søk på *deleforretning** på Nasjonalbibliotekets digitale bokhylle gir treff i 155 publikasjonar. Nokre få treff gjeld ein bruk som vi kan definere med ‘forretning/butikk der ein sel delar til noko, særleg bilar’, men tyngda av treffa gjeld ein bruk med om lag denne tydinga: ‘sak der ein offentleg tenestemann eller ei nemnd utfører oppdeling av eigedommar; grensemerkesetting’.³ Det eldste belegget på den siste

3 I tillegg har vi substantivet *delingsforretning*, som har same tyding og er meir brukt. Frå 2005 brukar ein i lovverket *oppldelingsforretning* (SNL).

bruken er frå 1846, men ordet er nok endå eldre, sidan mange av treffa omtalar rettspraksis ved sal av eigedom eller skifte av arv i samband med kjelder frå 1700-talet.

Det er dokumentert bruk i faktiske belegg som kan vise kva ord som inngår i ei samansetning, kva tydingar som finst og kva som er mest vanleg. I eit rettskrivingshjelpemiddel som *Tanum* vil ein vente at redaktøren vel den vanlegaste bruken av eit ord som oppslag, og det har han også gjort i den siste utgåva, der førsteleddet er bestemt som verbet **dele**②, og ikkje som **del+e** slik vi kan sjå i figur 4 (*Tanum* 2005). Dette samsvarar med ein langvarig bruk av ordet i samband med oppdeling av eigedommar og skifte, og liten bruk av ordet om forretningar for sal av bildelar eller liknande. Men kunne **dele**① vore like rett? I ei eldre forretningsordbok for bokmål (Evanths 1943:121) finn vi desse definisjonane:

Dele, grensemerke, grenselinje mellom to jordeiendommer.

Deleforretning, oppgang av grense (dele) mellom eien-dommer.

Ut frå desse definisjonane kunne ein like gjerne hatt substantivet **dele**① som førsteledd i *deleforretning*.

Dømet viser at det er grenser for kor presis ein kan eller bør vere med homografnummerering av førsteledda i samansetningar, særleg dersom ein ikkje gir ein definisjon av orda. Igjen må ein understreke at det er formelt umogeleg å skilje mellom homografane i førsteledd av samansette ord, og vanskeleg å gjere det utan grundig dokumentasjon av bruken.

4. Representasjonen av standardnorsk i *Tanum*

Artikkelhovudet med dei formelle grunnopplysningane og korrekte bøyingsformer er noko av sjølve eksistensgrunnlaget for ord-

lister og rettskrivingsordbøker, ortografiske hjelpemiddel som dei er. Dette utgjer ein representasjon av det standardiserte språket.

4.1. Parentesbruken i artiklane

I den 10. utgåva av *Tanum* er oppslagsorda som før følgde av eventuelle uttaleopplysningar og av bøyingsopplysningar, men uttalen står no i ein hakeparentes i staden for mellom skråstrekar. I motsetnad til tidlegare utgåver står bøyingsopplysningane no i ein bogeparentes, medan eventuelle ordforklaringar ikkje lenger står i parentes.

Det kan vere to årsaker til å bytte om på kva for opplysningar som står i parentes. Éi årsak til den siste endringa kan vere at ein har flytta fokuset frå bøyinga som den mest sentrale delen av ordartikkelen, sjølv om ikkje alle artiklar har definisjon. Ei meir pragmatisk årsak kan vere dei store endringane i makrostrukturen, der ordforklaringar og bruksmerkingar ikkje lenger risikerer å stå inneklemd mellom samansetningane i eit reir, og dermed i mindre grad treng parentes for å skilje seg ut.

4.2. Bøyingsinformasjon i Tanum

Tanum har ein lang tradisjon for å vise alle bøyingsformene for (grunn)orda, i motsetnad til *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*, som opererer med eit kodesystem for regelrette bøyingar i dei trykte utgåvene.⁴ Det er som allereie nemnt svært mange fleire ord som i 10. utgåva har fått fullstendige bøyingsopplysningar, i og med at samansetningane no kjem på eigne linjer som ordinære oppslagsord.

Bøyingsopplysningane går hand i hand med eit grammatikkoversyn i eit tillegg bak i boka. Et slikt oversyn, med mellom anna

4 Nettutgåva av *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* har sidan 2013 og 2012 full bøyingsinformasjon i klikkbare lenker i ordklassemerkinga.

utgreiingar om formverket og skiljeteikn i bokmål, har lenge stått i *Tanum*. Dei to siste utgåvene har delt dette tydelegare i to delar, med ei kort brukarrettleiing framme i boka som forklarar korleis formverket framstår i ordartiklane, og ein lengre tekst bak i boka som forklarar meir om ordklassane og bøyingsystema. Her finst også ein gjennomgang av orddanning med avleiing og samansetting, og enkle rettskrivingsreglar med bruk av skiljeteikn, orddeling og liknande. Dette er nyttig stoff.

4.3. Uteljelege substantiv?

Eit interessant trekk ved bøyingsinformasjonen i *Tanum* er den implisitte inndelinga i teljelege og uteljelege substantiv. I brukarrettleiinga er dette omtala som «ord som har full bøying» og «ord som har ufullstendig bøying». Det store fleirtalet av ordartiklar med ufullstendig bøying gjeld lemma der fleirtalsformene ikkje er tekne med, berre bunden form eintal. Desse orda høyrer til dei uteljelege substantiva (*mass nouns*) og er typisk væsker som *blod* eller masser som *sand* og *mat*. Meir abstrakte substantiv med utgang på *-er*, slik som *latter* og *iver*, fell ofte i denne gruppa.

Den same ordtypen har i nettutgåva av *Bokmålsordboka og Nynorskordboka* fullstendig bøying med fleirtalsformer. Dette er resultatet av eit medvite val som Språkrådet og ei arbeidsgruppe ved Universitetet i Oslo gjorde i 2011. Valet var basert på at den uteljelege bruken tilhøyrer tydingsnivået, ikkje lemmanivået, fordi det finst dokumentasjon på at slike tilsynelatande masseord i visse tydingar kan brukast som teljelege substantiv. Dette er det sjølv sagt ikkje lett å få fram når ein for det meste ikkje har definisjonar for orda, slik som i *Tanum*, men det er heller ikkje uproblematisk at *Tanum* som rettskrivingsordbok ikkje gir opplysningar om heile formspekteret til eit ord.

5. Norsk språkpolitikk og ordbøker

Til irritasjon for enkelte aktører i norsk språkdebatt (sjå til dømes Askedal 2015) er bokmål eit standardspråk med mange variantar, både i formverket og i ordtilfanget. Dei historiske årsakene til variantrikdommen ligg i to trekk ved norsk språkpolitikk, tilnæringslinja og det doble normsystemet.

5.1. Tilnæringslinja og det doble normsystemet

Tilnæringslinja mellom nynorsk og bokmål var offisiell politikk i Noreg frå tidleg 1900-tal og førte til at bokmål fekk ei mengd former som samsvarte med dei nynorske formene (og vice versa). I nokre tilfelle blei desse formene eineformer, og dei gamle bokmålsformene tekne ut. I andre tilfelle blei dei tidlegare bokmålsformene jamstilte med dei nynorskne, eller dei blei sideformer.

Tilnæringslinja gjaldt både for formverket og for sjølve orda, og var styrande ved rettskrivingsreformene i 1938 og i 1959. Ho møtte sterk motstand frå dei som ville ha ei meir tradisjonell bokmålsform (riksmål). Riksmålsforbundet stod i brodden for ein «motnormal» som heldt på dei meir tradisjonelle formene og som blei brukt av mange, ikkje minst i aviser (normklyngedanning, jf. Fjeld 2015). I 1981 gjekk ein i praksis bort frå tilnæringslinja, og i 2002 vedtok Stortinget at dei to skriftformene skulle normerast på eigne premissar, utan sideblikk til kvarandre (Språkrådet 2015:9).

Det doble normsystemet var ein konsekvens av tilnæringslinja og av eit ønske om språkleg valfridom. Ein opererte med ei vid og ei tronge norm, der den tronge norma (læreboknormalen) skulle brukast i offentlege dokument og i lærebøker. Den vide norma med valfridom mellom hovudformer og sideformer kunne m.a. brukast i skriftlege elevarbeid.

Den tronge norma har etter 1981 gått i retning av å tillate meir tradisjonelle skriftformer. Samstundes er riksmålet blitt moderert

i retning av bokmål. Det har vore ein framvekst av subnormer, og av ord med *semantisk splitt*, der ulike skriftvarianter av eit ord har fått litt ulike tydingar (Fjeld 2015:37). I etterkant kan ein vel sjå at den opne bokmålsnorma med mange valfrie former har gitt språkbrukarane tilgang til eit større språkleg repertoar, noko som i mange samanhengar er eit gode (Blommaert 2010).

Dei siste rettskrivingsendringane i 2005 (bokmål) og 2012 (nynorsk) gjorde endeleg slutt på det gamle systemet med hovudformer og sideformer. Omsynet til eit einskapleg system vog tyngre enn omsynet til mindre variasjon på ordnivå: Til dømes har det blitt full jamstilling mellom *a*-ending og *en*-ending i bunden form av tradisjonelle hokjønnsord, medan det før var om lag 900 ord der *en*-endinga var sideform.

Det er ikkje opplagt korleis formvariasjon i eit standardspråk skal uttrykkast i ordbøker. Ordbøker og ordlister som skal brukast i skulen, må vere godkjende av Språkrådet, og Språkrådet krev at heile formvariasjonen er med. Godkjenninga er kommersielt viktig for forlaga, og språkpolitikken tyder dermed at dei må gjere greie for alle valfrie former. Framheving av den eine eller den andre formvarianten har ikkje vore *comme il faut* i dette systemet, og det vanlegaste ordningsprinsippet for varianter er derfor alfabetisk.

5.2. Alternative former i bøyning og oppslag i *Tanum*

Tanum viser alternative bøyningar med skråstrek mellom, i alfabetisk rekkjefølgje: **hus** S n. (*huset, hus, husa/husene*). Dette systemet gjeld for dei fleste lemma i ordklassane med bøyning. Ein har likevel gjort eit unntak: substantiv som ender på *-het*, har berre fått hankjønnsbøyning med *-en* i bunden form eintal, sjølv om dei også kan ha hokjønnsbøyning med *-a*. Dette er nemnt i brukarretteleiinga (2015:x), men ikkje nærare grunngjeve.

Når det gjeld bøyninga av verb, kan ein merke seg at *Tanum* no tar med regelrette presensformer, i tillegg til preteritum, perfektum partisipp og verbalsubstantiv på *-ing*. Men prinsippet om alfabe-

tisk rekkjefølgje for alternative bøyingsendingar er teke bort når det gjeld bøyingsformer av svake verb: her står preteritumsbøyinga med *-et* før *a*-bøyinga. Brukarrettleiinga (2015:x) viser til at *et*-bøyinga er mest utbreidd i skrift som årsak til denne endringa.

I 9. utgåva er dei alternative formene for oppslagsordet behandla slik dei jamstilte formene var før også, ved at ein hadde alle variantane i like mange artiklar, berre i ulik rekkjefølgje. Til dømes skreiv ein «heim², -en; -er -ene el. hjem¹, met; -, -ma el. -mene» på alfabetisk plass for heim, og «hjem¹, -met; -, -ma el. -mene el. heim², -en; -er -ene» på alfabetisk plass for hjem. I siste utgåva er dette noko endra, slik at ein ikkje nemner bøyingsformene for den eller dei variantane som står til sist i artikkelen. Ein må dermed slå opp vidare på denne varianten om ein heller vil bruke den. Dei fleste vil vel slå opp først på den varianten dei ønskjer å bruke, så dette er kanskje ikkje noko stort problem for brukarane.

Oppstillinga utan bøyingsinformasjon for meir enn éin variant om gangen sparer ein del plass, særleg når ein har mange variantar til eit ord. Både førsteledd og andreledd kan ha variantar, slik vi kan sjå i denne ordartikkelen: **heime²|laga ADJ** (*-laga, -laga*); el. **heimelagd, heimelaget, hjemmelaga, hjemmelagd, hjemmelaget**. Alle samansetningar skal jo ha sin eigen artikkel på eiga linje, og om alle ord med fleire variantar skulle hatt med full bøyingsinformasjon for kvar variant, hadde det fort blitt eit plassproblem og nokså uoversiktleg.

I dette dømet ser ein også kor variantrikt bokmål faktisk er, trass i uttalte målsetjingar ved fleire reformer om å redusere variasjonen (sjå til dømes Språkrådet 2005). Det er også nokså klart at ein del former i liten grad er i bruk. I framtida vil kanskje aktiv bruk av store korpus i normeringsarbeidet kunne gi tydelegare råd om kva former ein trygt kan la gå ut av norma fordi dei ikkje er i levande bruk. Meir vilkårlege synsingar om kva som er høg eller låg stil, eller meir eller mindre dialekt- eller slangprega, bør derimot ikkje styre presentasjonen av språkstandarden i ordbøkene.

5.3. *Tanum* som bruksordbok

Ein av dei store fordelane med *Tanum* er at så mange geografiske namn er med, slik som namn på statar, på område og landskap, byar, elvar, hav og fjell, norske kommunar og tettstader. Desse artiklane har korte definisjonar som plasserer staden nærare. Det er ikkje vanleg å ha med proprium i ordbøker, men namn er jo også normerte ord i språket. I tillegg kjem innbyggjarnamn for alle kommunar og ein del andre område. I ei rettskrivingsordbok til skulebruk som *Tanum* er det nyttig at dette er med.

Dei tidlege utgåvene av *Tanum* ramsar opp som grunnlagsmateriale ei lang rekke ordbøker og oppslagsverk på både nynorsk, bokmål og riksmål, og ei rad spesialiserte handbøker frå alle delar av samfunnslivet. Dette vidtfemnande grunnlagsmaterialet er antakeleg årsaka til at *Tanum* frå starten har teke med ei mengd samansetningar, i motsetnad til til dømes *Bokmålsordboka*. Sjølv om det i og for seg er umogeleg å lage eit fullt oversyn over samansetningar i norsk, er mange samansetningar leksikaliserte og har ikkje alltid ei transparent tyding som ein lett forstår ut frå ledda. Satsinga på eit rikt kjeldemateriale er ein vedvarande kvalitet ved *Tanum* og aukar bruksverdien.

Som ordbøker og ordlister flest har også 10. utgåve av *Tanum* ei liste med forkortingar som er brukt i boka. Men til forskjell frå tidlegare utgåver der ein har ei liste på om lag 185 forkortingar, inneheld forkortingslista i den nye berre 16 forkortingar, ordklassenamn og eit par grammatiske termar. Ordboksteksten inneheld i tillegg nokre allment brukte forkortingar som faktisk ikkje står i lista, slik som *el.* for 'eller', *fork.* for 'forkorting' og *f.eks.* for 'for eksempel'. Det same gjeld dei velkjende forkortingane for kjønn og tal, *f.*, *m.* og *n.*, *Sg* og *Pl*. Dei er plasserte rett etter ordklassemerket i oppslaget, og dette er vist i artikkelnøkkelen på innsida av permen. Andre grammatiske termar er fullskrivne, det same er språknamn og bruksmerkingar, i den grad dei førekjem. Fullskrivninga er ei

endring som lettar bruken av ordboka for folk flest, og som vil vere velkommen i skulen.

6. Språkrådet og *Tanum* – eit langvarig samarbeid

Vi finn allereie i førsteutgåva av *Tanum* uttrykt ei omsorg for rettskrivinga: Dei første redaktørane gav ut *Tanum* som hjelp til å skrive korrekt etter den store rettskrivingsreforma av 1938. Eit langt og nært samarbeid med dei statlege organa som styrer norsk rettskriving, følger. Vi finn til dømes i føreordet til 3. utgåva frå 1961 at redaktør Sandvei har hatt «stor hjelp av sekretær i Norsk språknemnd, cand. philol. Bernt Fossetøl» i arbeidet med «en ganske omfattende revisjon og supplering» av *Tanum*. I den 4. utgåva frå 1974 finn vi same Fossetøl som medredaktør, og føreordet noterer at «[s]krivemåter og bøyingsformer er gjennomgått av Norsk Språkråd.» Denne setninga går igjen i forteksten, heilt til den 10. utgåva no opplyser at ho er utgjeven «i samråd med Språkrådet», sidan det ikkje har vore store endringar i rettskrivinga sidan den førre utgåva kom i 2005.

Eg har allereie peikt på den kommersielle verdien av slikt samarbeid og godkjenning frå Språkrådet. Men dette handlar også om ei open haldning til språkformer og variasjon i standardspråket. I førsteutgåva av *Tanum* finn vi denne passusen i føreordet:

Norsk rettskrivningsordbok legger fram et rikholdig ordtilfang uten å ville øve press i noen retning. Ordene står der enten de er nye eller gamle, særnorske eller halvdanske, heimlige eller fremmede. Og så får de som bruker boka, selv velge.

Om lag dei same formuleringane går igjen i forteksten i alle utgå-

vene heilt fram til og med 9. utgåve. Teksten er noko endra i den siste utgåva, men ikkje slik at det er grunn til å mistenke nove-rande redaktør for å stramme inn på den opne haldninga til det mangslungne ordtilfanget i norsk. Dette er ein tilnæringsmåte som vi treng når vi skal utvikle vårt eige språk i møtet med verda rundt oss.

Litteratur

Ordbøker

- Bokmålsordboka* (2005). Boye Wangenstein (red.). 3. utgave. Oslo: Kunnskapsforlaget. <<http://nob-ordbok.uio.no/>> (april 2016).
- Evanths, Thorleif T. (1943): *Forretningsordbok*. Oslo: Aschehoug.
- Norsk Ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet* (1966–2016). Oslo: Det Norske Samlaget. <<http://no2014.uio.no/>> (juli 2016).
- Norsk Riksmålsordbok* (1937–1995). Oslo: Kunnskapsforlaget.
- Nynorskordboka* (2006). Marit Hovdenak et al. (red.). 4. utgåva. Oslo: Det Norske Samlaget. <<http://nob-ordbok.uio.no>> (april 2016).
- Sverdrup, Jakob & Marius Sandvei (1940): *Norsk rettskrivningsordbok. Bokmål*. Oslo: Johan Grundt Tanum forlag.

Annan litteratur

- Askedal, John Ole (2016): Opprydning må til i bokmålsnormen. <<http://riksmalsforbundet.no/opprydning-ma-til-i-bokmals-normen/>> (april 2016).
- Blommaert, Jan (2010): *The Sociolinguistics of Globalization*. Cambridge: Cambridge University Press.

- Eek, Øystein & Boye Wangensteen (2014): *Tanums store rettskrivningsordbok – det norske bokmålets fasit. I: LexicoNordica 21*, 19–37.
- Fjeld, Ruth Vatvedt (2015): Språklige varieteter eller språklige rariteter? Om bruk av valgfrie former i norsk bokmål. I: *LexicoNordica 22*, 35–55.
- Fjeld, Ruth Vatvedt & Lars Vikør (2008): *Ord og ordbøker. Ei innføring i leksikologi og leksikografi*. Oslo: Høyskoleforlaget.
- Nasjonalbibliotekets digitale bokhylle. <www.bokhylla.no> (april 2016).
- SNL = Store norske leksikon. <<https://snl.no/>> (april 2016).
- Språkrådet (2005): Rettskrivningsendringer fra 1. juli 2005. <<http://www.sprakradet.no/globalassets/spraka-vare/norsk/rettskriving2005.pdf>> (april 2016).
- Språkrådet (2015): Retningslinjer for normering av nynorsk og bokmål. <<http://www.sprakradet.no/globalassets/spraka-vare/norsk/retningslinjer-for-normering-nynorskversjon.pdf>> (april 2016).
- Worren, Dagfinn (1988): Berre ord. I: Frøydis Hertsberg, Wenche Vagle & Terje Spurkland (red.): *I klartekst. Festskrift til Bernt Fossetøl på 60-årsdagen 30. juli 1988*. Oslo: Novus Forlag, 141–154.

Bjørghild Kjelsvik
ph.d.
Språksamlingane (engasjement)
Universitetsbiblioteket
Universitetet i Bergen
Postboks 7808
NO-5020 Bergen
bjorghild.kjelsvik@gmail.com